



NVE Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Kontakt saksbehandlar
Vegard Næss, 51568809

Uttale - Avgrensa høyring søknad forlenga byggjefrist til 2025 Osane kraftverk, Suldal

Ut frå ei samla vurdering knytt til belastninga på naturmangfald saman med nye opplysningar om trua art og villrein, samt ut frå føre-var prinsippet, råder Fylkesmannen til at det ikkje gis forlenga konsesjon.

Me viser til mottatt høyring, ved brev av 18.11.2020.

Saka gjelder forlenging av gjeldande konsesjon med ytterlegare 5 år. NVE ønskjer tilbakemeldingar dersom det har oppstått nye forhold som kan vera av betydning for konsesjonen.

Fylkesmannen har følgjande nye opplysningar.

Hubro

Det var kjend at det var eit viktig leveområde for hubro nær planlagt kraftverk når NVE gav konsesjon tilbake i 2013. Hubro var då, og er enno, vurdert til å vere ein kritisk trua art (norsk raudliste for artar 2010 og 2015). Vassdragskonsesjonen, datert 07.03.2013. punkt 5. Naturforvaltning, avsnitt II, er det satt vilkår om at, «*Konsesjonæren plikter etter nærmere bestemmelse av Fylkesmannen å sørge for plante- og dyrelivet i området som direkte eller indirekte berøres av utbyggingen forringes minst mulig og om nødvendig utføre kompenserende tiltak.*»

Me finn ikkje at det er tydeleggjort i konsesjonen korleis konsesjonær skal sørge for at bygging og drift av anlegget påverkar naturmangfaldet i området minst mogleg. Hubro er særleg sårbar for forstyrring i starten av hekketida (01.02 – 31.07). Det bør derfor vere eit krav at anleggsarbeida, må planleggjast etter og følgje anbefalingane gitt i Multiconsult sitt notat «[Anbefalte hensynssoner for sårbare arter av fugl](#)», utarbeida i 2018. I tillegg bør det setjast krav til at konsesjonær skal undersøke korleis drifta av kraftverket påverkar hubroen. Me vil minne om at det i rettleiaren til naturmangfaldlova kapittel II står følgjande om korleis forvaltningsmål for artar (§ 5) skal handterast i saksbehandling: «*Jo mer truet naturmangfoldet som berøres av et tiltak er, jo lettere vil tiltaket*



komme i konflikt med forvaltningsmålene. For små vannkraftverk er eksempelvis retningslinjene at kraftverk som kommer i konflikt med arter som er kritisk truet eller sterkt truet, ikke kan påregne konsesjon.»

NVE må i sitt vedtak vurdere tiltaket etter prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 jf. § 7 i same lov. Me vil særleg peike på kunnskapsgrunnlaget (§ 8), føre-var prinsippet (§ 9) og § 10 om samla belastning. I Rogaland er store delar av hubroen sitt naturlege utbreiingsområde trua som følge av infrastruktur (særleg veg og kraftutbygging). Nye tiltak som kan true hubroen og artens leveområde må derfor sjåast på i ein større samanheng, og vurderast nærmare i høve kritisk tålegrense (NML § 10).

Ved behov for ytterlegare opplysningar, ta kontakt med Cathrine Stabel Eltervåg, hjå Fylkesmannen i Rogaland. Tel.: 51 56 89 15

Villrein

NVE har vurdert omsyn til villrein i området ved fastsetting av konsesjon. Vi meiner kunnskapsgrunnlaget er dårleg og ikkje oppdatert. Vinteren 2020 vart det gjennomført ei systematisk registrering av villreinen sin arealbruk i Suldal. Her vart det dokumentert at områda under tregrensa blir svært viktige når beiteområda i høgfjellet isar ned. Mellom anna er Fylkesmannen kjent med at det vinter 2020 var observasjonar av villrein heilt ned til Steinstøl og Grunnvatnet og vidare ned i bjørkeskogen mot Botnavatnet. Det er sikre observasjonar av at dyra fant beite i området ein periode på 2-3 veker i siste halvdel av mars.

Fylkesmannen har hausten 2020 motteke ei oppsummering av villreinvinteren i Suldal og Hjelmeland, frå Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane (SVR). Oppsummeringa gir ei oversikt over kor det er observert villrein vinteren 2020. Her er det gjort fleire observasjonar av villrein i området for vassinntaket. Registreringane er lagt inn i Artsobservasjonar.

Observasjonane frå vinteren 2020 dokumenterer at beiteområda i skogen er heilt avgjerande for villreinstamma når dei normale beiteområda isar ned. Ein må dessverre rekne med at situasjonar med massiv nedising av beita på høgfjellet vil bli vanlege framover. Eit varmare klima gjer at det regner i høgfjellet på førjulsvinteren, og når dette etterfølgast av ein kuldeperiode blir beita dekkja av ei ugjennomtrengelig ishinne som ligg der heile vinteren. I slike situasjonar må villreinen ha tilgang til beiteområde i skogen der dei kan beite uforstyrra. Jamfør prognosar for klimautvikling.

Den mest kritiske tida for villrein i dette området er om vinteren frå januar til april, men det er eit sterkt ønskje i villreinforvaltninga at villreinen skal trekke lenger vest på sommarbeite. I forhold til eit mål om at det skal etablerast eit trekk for sommarbeite vestover er det uheldig om området blir påverka av anleggsarbeid.

Eit småkraftverk kan verke negativt på villrein i driftsfasen. Dette gjeld særleg om det kjem lyd frå kraftverket, synleg lys, og i tillegg til at villreinen reagerer negativt på bygningar og andre tekniske installasjonar. Tekniske installasjonar og ferdsel vil gjensidig forsterke den negative effekten dei ulike faktorane har eller kan ha (jfr. NML §9 og § 10). I anleggsfasen må det være eit krav at det blir tatt omsyn til villrein, t.d. med stopp i arbeida om det er villrein i området og krav om at ein sjekkar området for villrein med helikopter.

Det trengs meir og ny kunnskap om villrein i området. Ved ei eventuell forlenging av konsesjonen er det behov for ei nærmare vurdering av korleis en tek omsyn til villrein i anleggsfasen.



Ved behov for ytterlegare opplysningar om villrein i området, ta kontakt med Alf Odden, verneområdeforvaltar SVR. Mob. 480 44 583

Ved behov for ytterlegare opplysningar knytt til Fylkesmannens rolle i oppfølging av Vassdragskonsesjonen, datert 07.03.2013. punkt 5., ta kontakt med Cathrine Stabel Eltervåg, hjå Fylkesmannen i Rogaland. Tel.: 51 56 89 15

Manglande opplysningar

Fylkesmannen har forståing for at det ein sjeldan gang kan være naudsynt å søkje om forlenga frist. Samstundes er 5 år lang tid og det burde vært mogleg å komme i gang innan fristen. I søknad frå Småkraft datert 18.08.2020 blir det søkt om forlenga konsesjon på 5 år grunna mangelfullt nett i området. Me etterlyser ei nærare beskriving av om det føreligg konkrete planar for nett-tilknyting. Det bør framkomme tydlegare kor realistisk det er med ei nett-tilknyting til området, i og med at dette ennå ikkje er på plass.

Konklusjon

Fylkesmannen meiner i denne sak, at det bør føreligge særleg viktige grunnar for at det ikkje skal gis forlenging av gjeldande konsesjonen. Ut frå ei samla vurdering knytt til belastninga på naturmangfald, saman med nye opplysningar blant anna om villrein og hubro, vil det beste være at det ikkje blir forlenga konsesjonsfrist, jfr. samla belastninga på naturmangfaldet og ut frå føre-var prinsippet.

Dersom NVE veljar å forlengje konsesjonen, så er det viktig og nødvendig med vilkår i anleggsfasen som sikrar at det tas omsyn til villrein, hubro og anna naturmangfald. Ved ei eventuell forlenging av konsesjon må konsesjonær kontakte Fylkesmannen for avklaring av nødvendige omsyn, jf. vassdragskonsesjonen, datert 07.03.2013. punkt 5. Naturforvaltning, avsnitt II. Det vil også være viktig at omsyn til villrein, hubro og anna naturmangfald innarbeidast i MTA-planen som skal lagast.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvernsjef

Vegard Næss
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Suldal kommune
Verneområdestyret Setesdal Vesthei,
Ryfylkeheiane og Frafjordheiane
Rogaland fylkeskommune

Eidsvegen 7
pb. 788 Stoa
Postboks 130

4230
4809
4001

Sand
ARENDAL
Stavanger